



## Vedtekter for kommunale barnehagar i Gulen kommune

### a) **Eigartilhøve**

Gulen kommune er eigar av dei kommunale barnehagane.

### b) **Føremål**

Barnege-loven § 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

### c) **Opptakskriterium**

Gulen kommune er opptakskrinsen til dei kommunale barnehagane i kommunen. Barn busette i Gulen kommune vert prioriterte ved opptaket.

Hovudopptak:

Hovudopptak for hausten skjer om våren med søknadsfrist 1.mars. Opptaket vert gjort i høve til § 16 a og § 17 i Barnege-loven. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden. Styrar har rom til å gjere faglege skjønnsvurderingar i høve til gruppesamansetting, alder, kjønn og søsken. Dette for å sikre stabilitet og god kvalitet i barnegruppa.

Barnege-loven § 18 Prioritet ved opptak: Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.

Barn som det er fatta vedtak om etter Barnevernsloven Kapittel 4 har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.

Suppleringsopptak:

Gjeld for barn med lovmessig rett, men som har søkt etter 1.mars. Opptaket vert gjort i høve til § 16 og § 17 i Barnege-loven. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden.

Styrar har rom til å gjere faglege skjønnsvurderingar i høve til gruppesamansetting, alder, kjønn og søsken. Dette for å sikre stabilitet og god kvalitet i barnegruppa.

Forskrift om sakshandsaming ved barnehageopptak § 6.

Søklarar som får avslag på søknad om barnehageplass, og søklarar som ved tildeling av barnehageplass verken får sitt første eller andre ønskje om barnehageplass oppfylt, kan klage på avgjerda. Retten gjeld berre søklarar som har søkt om barnehageplass innan søknadsfristen kommunen har fastsett jfr Barnehageloven § 16.

#### **d) Styringsverk**

I Barnehageloven § 4 Foreldreråd og samarbeidsvalg står det mellom anna: For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. Gulen kommune har felles samarbeidsutval på alle oppveksteiningane, altså både for barnehage og grunnskule. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert.

I Gulen kommune er utvalet sett saman slik: To representantar for elevane, ein representant for undervisningspersonalet, ein representant for andre tilsette i skulen, to representantar for dei tilsette i barnehagen, to representantar for foreldrerådet i skulen og to representantar for foreldrerådet i barnehagen. I tillegg har kommunen to representantar i samarbeidsutvalet. Det er einingsleiar ved eininga og eit medlem i Hovudutval for oppvekst og kultur.

#### **e) Opningstid**

Dagleg opphaldstid er kvardagar kl. 07.30 – 16.30. Dei kommunale barnehagane i Gulen har berre heildagsplassar.

Barnehagane vil vere stengd på heilagdagane, barnehagen sine planleggingsdagane, jul- og nyttårsaftan.

Ferieavvikling for barna

Dei kommunale barnehagane er i hovudsak open 12 månader i året.

Barna skal sikrast 4 veker ferie kvart barnehageår. Tre av ferievekene skal vere samanhengande og takast ut mellom medio juni - medio august.

#### **f) Organisering**

Dei kommunale barnehagane i Gulen er samorganiserte med skulane i kommunen.

Personalet

Gulen kommune følgjer Barnehageloven med forskrifter si norm for bemanning.

Arealutnytting

Dei kommunale barnehagane i Gulen kommune følgjer Kunnskapsdepartementet si rettleiande norm for leikeareal. Rettleiande norm for barn sitt leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og om lag 1/3 meir per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

### **g) Foreldrebetaling**

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Gulen kommune følger statlege pålegg om foreldrebetaling. Betaling fakturerast 11 gongar per år. Juli er betalingsfri månad. Kommunestyret fastsett sats for matpengar og gebyr ved for sein henting.

Søskenmoderasjon gjeld berre for fast månadsbetaling. Søsken må bu saman fast og ha same bustadadresse i kommunen for å få innvilga søskenmoderasjon. Søsken vert her definert som heilsøsken, halvsøsken og stesøsken. Søskenmoderasjon gjeld på tvers av SFO og barnehage.

Dersom eit barn ikkje nyttar barnehageplassen sin i periodar på ein månad eller meir grunna skade/sjukdom, gis det fritak for foreldrebetaling i heile perioden barnet er fråverande.

Manglande betaling og for sein henting kan føre til tap av barnehageplass.

### **h) Vedtektsendringar**

Endringar i vedtektene skal godkjennast av kommunestyret.

Endringar i Barnehageloven som fører til vedtektsendring, skal ikkje godkjennast i kommunestyret. Desse endringane kan gjerast administrativt og meldast til kommunestyret.

Vedtektene skal rullerast i kvar kommunestyreperiode.